

Durito om nøklar og dører

Durito seier politikarane ("det må vera klart at eg ikkje seier at dei er verken gode eller vonde", understrekar Durito) forkynner at historia ikkje er noko anna enn leitinga etter eit rom der me kan vera nøgde. Historia sine fiendar ("det må vera klart at eg ikkje meiner at dei er verken gode eller vonde", seier Durito endå ein gong) er sperra inne i dette rommet og let ingen andre sleppa inn. Målet for historia er å koma inn i det rommet, forvisa dei som er der og ta plassen deira. Politikaren manar difor til kamp om nøkkelen til døra.

Men, seier Durito, den politiske kampen handlar ikkje lenger om å koma inn i rommet. Den er berre for nøkkelen si skuld. Det vil seia å ta nøkkelen ifrå den som har den, og ta deira plass som dørvakt. "Det har vorte gjort store framskritt i demokratiet", seier Durito at politikarane seier, "no er det mogleg å skifta dørvakt med jamne mellomrom". Å ha makt er å ha nøkkelen til historias dør. Det gjer ikkje noko om eigarane av rommet alltid er dei same.

Durito seier zapatistane er narren til dei moderne politikarane, anten dei er politikarar frå høgre eller venstre. Durito seier dette er fordi zapatistane ber ein tung nøkkel på sine ryggar. Denne nøkkelen har verken dør, lås eller rom. "Sjå på dei tomskallane", seier Durito at dei moderne politikarane seier, "den digre nøkkelen hjelper ikkje for å opna Maktas dør og koma inn der framtida vert avgjort. I tillegg er den jo latterleg tung". Durito seier zapatistane likevel berre smiler og held fram med å bera den tunge nøkkelen på si vandring. Dei skjemmest ikkje over at det verken er dør eller lås som nøkkelen dei ber kan opna.

Durito seier politikarane, opptekne som dei er med å le, ikkje legg merke til at nøkkelen som zapatistane ber liknar ein rambukk av den typen som ein brukar for å slå inn dører og veggjar. Medan politikarane klumpar seg saman i kampen om nøkkelen framføre maktas dør, held zapatistane seg på avstand.

Dei stiller seg opp framføre ein av veggane i labyrinten, som ikkje har noko med maktas rom å gjera, og skriv ein "X" med ein svart fjørpenn.

"Zapatistane set med dette eit merkje på noko ukjend, men også på det punktet der ein bør slå for å gjera det ukjende kjend. For zapatistane vil ikkje inn i maktas rom, og kasta ut dei som er der for å ta plassane deira, men knusa veggane i historias labyrint, gå ut av denne, og saman med alle, laga ei verd utan reserverte og eksklusive rom. Ei verd utan dører og nøklar", seier Durito medan han spør meg kvar i heitaste eg har gjort av den svarte fjørpenen som han brukar for å undervisa meg i politisk teori.

Frå fjella i det søraustlege Mexico.

Subcomandante Insurgente Marcos.

Mexico, Februar 2003.